



# Fjordvarme

## Referanseanlegg Eid idrettspark

### Anlegget

Krøllgrasbana til Eid Idrettspark vert halden fri for tele i den kalde årstida ved undervarming direkte frå sjøvåtn frå fjordvarmeanlegget. Dette gjer at bana kan brukast sjølv om lufttemperaturen ligg under  $-10^{\circ}\text{C}$  i lengre tid. Takka vere dette, kan eidarane spele utandørs fotball midtvinters! Dette anlegget er det første av sitt slag.

### Dette er utført

Under bana er det lagt ned 33 km (!) plastrøyr. Gjennom desse røyra vert det pumpa sjøvåtn som er henta 50 meter under havflata. På denne enkle måten kan bana tilførast meir enn 1000 kW effekt. Og – det beste av alt – det vert ikkje brukt meir enn ca. 28kW pumpeeffekt for å oppnå dette!



Det er lagt ned meir enn 33 km plastrøyr under krøllgrasbana!



### Erfaringar

Etter å ha hatt anlegget i drift, er erfaringane så langt udelt positive. Poenget har heile tida vore å halde bana fri for tele.

Ved sterkt snøfall over lengre tid, legg snøen seg på bana og må fjernast. Dette visste vi om på førehand. Så snart snøen er fjerna, er bana speleklar igjen!



Oddvar Os har stått i spissen for dette unike pilotprosjektet.

### Faktarute

Hensikt: Halde bana telefri heile vinteren  
Tilført effekt: ca. 28 kW  
Avgitt effekt: >1000 kW

Kontaktpersonar:  
Oddvar Os  
[oddvar.os@yit.no](mailto:oddvar.os@yit.no)

Magne Hjelle  
[magne.hjelle@fjordvarme.no](mailto:magne.hjelle@fjordvarme.no)